



SPENNANDE: Anette Oa Våge, Åge Hestenes og Kurt Inge Larsen legg opp til ein ekstra spennande versjon av Kanaldagane i år. Mellom anna skal alle konsertar gå føre seg i eit gedigent telt.

FOTO: NILS-TORE SELE

Med godt vær trur dei på fem tusen besøkjande

I september er det Kanaldagar igjen. Arrangørane bur seg på storinnrykk, og lovar eit spennande program med konsertar som vil gå føre seg i eit stort telt.

Stordans med Vestlandsfanden og Reidar Brendeland, show med Bjørn Jensen kjent frå Vinskvetten og ein gjeng gode songarar frå Haugalandet som syng Abba, med mellom andre Unni Hilt, oppvaksten på Moster, i ensemblet, er av underhaldningskreftene som vil

vera i sving attmed Kuleseidkanalen helga 1.-3.september. I år er det 16.gongen Kanaldagane vert skipa til under Kystsogeveken.

– Med dette programmet og med godt vær, så trur me at det kjem mykje folk, seier Anette Oa Våge og Åge Hestenes, som i år deler tittelen Kanaldagane-general.

– Kanaldagane er eit arrangement som mange ser fram til lokalt. For barn og unge i finnåsområdet er dette eit høgdepunkt på året som dei ser fram mot, seier Oa Våge.

– Det har vore fem tusen innom portane på Kanaldagane før, og det kan skje igjen, seier ein optimistisk presseansvarleg, Kurt Inge Larsen.

Dans og liv i teltet

Ungdomane som kjem på Ka-

naldagane får også sine musikalske godbitar, lovar arrangørane.

Artistar som Serlina Wiig Sulebakk, kjent frå The Stream og bergensrapparen Kløver & Skarre R, skal syta for det. Det nye i år er at alle konsertane skal føregå inni eit stort telt der det er plass til 500-600 menneske.

– Det gjer at arrangementet vårt med tanke på underhaldinga, vert mindre vèravhengig enn før, meiner Oa Våge.

Stordansen og showet på laurdagen får 18-års aldersgrense og skjenkerett.

– Det er god plass i teltet, og med dansen er me tilbake med ein type arrangement me har hatt tidlegare. Det har vore utedansar med oppmot 1.000 menneske til stades, seier Hestenes.

– Skilnaden er at det er første gongen me opererer med ein dans som har denne aldersgrensa. Med å bruka det store teltet, trur me det vil bli eit godt arrangement, med fin stemning, meiner Larsen.

Sild, song og båtsoge

Kanaldagane vert i år opna både karismatisk og kongeleg, kan ein seia. Ingen ringare enn sjølvaste Sildakongen, Arvid Otto Sildenskiold Mørch, vil ta seg av denne oppgåva. Sildakrømare vil også vera mellom dei næringsdrivande som skal ha stand under den store maritime marknaden som Kanaldagane er. Også i år reknar arrangørane at det vil bli 40-50 utstillarar innan eit breidt spekter av varer.

– Me opplever stor interesse. Det er ofte slik at dei som har

vore med på marknaden med stand, gjerne kjem tilbake. Det har med staden og atmosfæra under Kanaldagane å gjera, trur Oa Våge, basert på tilbakemeldingar ho har fått.

Andre som deltek i år denne marknadshelga, er det største Ten Sing-koret i Norge, nemlig Bømlo Ten Sing, The Jokers, det blir tryllekunstnar, barnediskotek, gudsteneste på sundagen og historisk foredrag på bedehuset på Kuleseidkanalen om eit skikkeleg maritimt tema, nemlig historia om båtprodusenten Innvær Plast på Bømlo.

Nils-Tore Sele
nils.tore@bomlo-nytt.no